

ÅRSMELDING FOR EIDFJORD FJELLSTYRE 2012

Årsmeldinga omfattar følgjande hovudpunkt:

1.Økonomisk del

2.Generell del

3.Viltforvaltning

2.1 Villreinforvaltning

2.2 Småviltforvaltning

4.Fiskeforvaltning

3.1 Fiskeutsetting

3.2 Prøvefiskeresultat

3.3 Garnfiskestatistikk

3.4 Kalking

3.5 Anna fiskekultivering

5.Fjellstyrehyttene

4.1 Hyttestyret

6.Beiteleiga

7. Anna

1. Økonomisk del

Eit utdrag av rekneskapsresultatet for 2012 og 2011 viser fylgjande hovudpostar for inntekter og utgifter:

INNTEKTER	2012	2011	UTGIFTER, DRIFT	2012	2011
Salsinntekt	679342	706062	Lønskostnader	35503	37184
Anna driftsinntekt	22600	24110	Avskrivningar	0	78434
			Samjaktavtalar, varekostnad	57290	56820
			Anna driftskostnad	806800	628306
Sum driftsinntekter	701942	730172	Sum driftskostnader	899593	800744
Driftsresultat	-197651	-70572			
Netto Renteinntekt	55753	57775			
Sum årsresultat	-141898	-12797			
Bankinnskot, kontantar og liknande.	1 843 969	1 786 316			

Kommentar:

Det negative resultatet for 2012 er i hovudsak knytt til kostnadane med utbetring av traktorslepene. Dette utgjorde 170.263 kr i ekstraordinær kostnad.

Salsinntektene frå jakt og fiske er redusert med 161.074 kr frå 2011 til 2012.

Inntektene:

- Største inntektspostane er sal av villreinjakt, fiskekort, reguleringserstatningar, tilskot og festeinntekter. Nedgangen i inntekter skuldast fremst at fjellstyret avgrensa tal villreinjegerar og difor ikkje selde heile tilgjengelege kvota.
- Det var ikkje sal av småviltkort i 2012, likt som i 2011 og 2010.
- Kr 65 000 av tilskotet er overførte midlar frå Fylkesmannen til tiltak mot ørekyte som skal dekkje kostnader med arbeid i 2013, og kr 60 000 tilskot frå Eidfjord Utvikling til slepevedlikehald.

Utgiftene:

- Største faste utgiftspostane er kjøp av tenester frå Hardangervidda fjelloppsyn, kjøp av tenester frå Eidfjord kommune, rekneskap tenester og kontingent til Norges fjellstyresamband.

Investeringar:

- Det er ikkje utført oppgåver eller gjort innkjøp som er å rekna som investeringar.

2. Generelt

Fjellstyret hadde 6 styremøte og handsama 23 saker. Det viktigaste av aktiviteten kjem fram i årsmeldinga, elles vert møteprotokollane lagt ut på heimesida til fjellstyret,

www.eidfjord-fjellstyre.no

3. Viltforvaltning

3.1 Villreinforvaltning

Bestandsmålet for villreinstamma på Hardangervidda er ei vinterstamme på 10 000 dyr etter jakt i 2009. Dette målet vart ikkje nådd, men stammestorleiken er berekna til i underkant av 10 000 dyr før kalving 2012.

Samla kvote vart sett til 6 000 fellingsløyve, fjellstyret var tildelt 413 fellingsløyve.

Samjaktordningar med private vald i Eidfjord gav ei ordning med gjensidig samjakt nord for Nordmannslågenvassdraget. Fjellstyret disponerte 25 % av kvota til dei private valda som kompensasjon for denne ordninga. I tillegg var det samjaktordning med Ullensvang fjellstyre der 10 jegerar, hadde høve til å bruka Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågenvassdraget, som motyting kan 10 jegerar frå Eidfjord bruka Ullensvang statsallmenning. Det vart felt 50 dyr på kvota til fjellstyret. Totalt for kommunen vart det felt 89 dyr, truleg vart det meste felt på statsallmenningen.

Jakttida var satt til 20.08 til og med 30.09, samordna med andre område i Eidfjord. I tillegg var det prøvd tiltak med utvida nattefreding mellom kl 17.00 og kl 08.00 for at dyra skulle trekke vestover. Den låge fellinga og observasjon av dyra ved grensa tyda på at tiltaket hadde liten effekt. I etterkant av jakta er det mange som meiner det er behov for meir samordna tiltak.

3.2 Småviltforvaltning


Fjellstyret har samarbeida med Norsk Breton klubb avd. Hordaland om taksering av rypestamma i forkant av jakta. Resultatet visast i tabellen under, og med låg rypeettleik og låg kyllingproduksjon siste år.

År	Område	Tal linjer	Tal meter	Ant. obs.	Tal ryper	Ryper/ obs	Ryper/km ² (med 90% sikkerheit)		Ant kyllingar/høne
2006	Eidfjord Statsalm	44	229250	84	327	3,9	7	(5-10)	3,8
2007	Eidfjord Statsalm	24	129342	33	129	3,9	8	(6-12)	2,6
2008	Eidfjord Statsalm	23	125361	31	115	3,7	4	(2-6)	2,9
2009	Eidfjord Statsalm	22	113675	21	97	4,6	3	(2-5)	2,6
2010	Eidfjord Statsalm	24	129050	25	197	7,9	4	(3-6)	7,5
2011	Eidfjord statsalm	26	155039	34	290	8,5	7	(5-11)	5,2
2012	Eidfjord statsalm	29	167010	23	81	3,5	2	(1-3)	1,7

Fjellstyret konkluderte, med grunnlag i takseringen, at det ikkje var tilrådeleg å selja kort. Tilbakemeldinga frå jegerane var positiv til avgjerda.


3. Fiskeforvaltning

Garnfiskestatistikken viser god avkasting, sjølv om fangstinnsatsen er gått noko ned ligg fangstane stabilt og på nivået frå før 2003.




Til saman var det 85 som hadde løyst garnfiskekort. Fjellstyret ser på statistikken her som viktig dokumentasjon på bruk av fiskerettane og grunnlaget for næringsutnytting.

Fangststatistikk frå dei viktigaste vatna;




Kommentar:

Statistikken viser ein liten nedgang i fangstane som har samanheng med mindre fiske. I 2006 og 2007 var det ikkje satt ut fisk, låge fangsttal i 2012 kan skuldast desse åra. Det er lenge sidan det har vore prøvefiska.




Kommentar:

Dei 3 siste åra har det vore utført tynningsfiske i tillegg til ordinært garnfiske. Dette viser igjen med eit høgt tal fisk, men ikkje same auke i kilo. Fangstsinnsatsen er framleis låg sett frå tida fjellstyret begynte å laga statistikk.



Kommentar:

Det har vore ein liten nedgang i fangstane til tross for auka fiske. Her kan det vera grunn til å gjera nærare undersøkingar med eit prøvafiske for å sjå kor god rekrutteringa er.



Kommentar:

Garnfisket har teke seg noko opp og avkastinga er stabil. Det var rapport om mykje småfisk i 2010. Det bør prøvofiskast for å sjå på tilstanden.

3.1 Fiskeutsetting

Villfisk fanga med elektrisk fiskeapparat, feitfinneklippa og satt ut i Tinnhølen

År	Tal frå Svinto	Tal frå Bjoreio
2008	348	30
2009	342	
2010	160	
2011	181	
2012	50	


Fangst av villfisk vert utført av Statkraft som kompensasjon for at dei tek stamfisk på Tinnhølen. Årleg fangar dei om lag 50 stamfisk, dersom forholda tillat det, vert stamfiske slept ut i Tinnhølen etter stryking. Stamfisk som må fraktast ned på anlegget i Simadalen, er i haust individmerka og slept ut att i Tinnhølen. Dette er fisk som hadde ein snittvekt på 2,4 kg. Fjellstyret er veldig interessert i rapport om fangst av desse, fangststad, lengde, vekt og merkenummer er viktig informasjon å få med. I tillegg var det satt ut 2000 einsomrig setjefisk i Tinnhølen. All fisk som er satt ut er feitfinneklippa.

3.2 Prøvefiskeresultat

Fylgjande vatn og tjørn vart prøvofiska i 2012;

Svartavatnet

Det har vore gjennomført eit enkelt prøvafiske som ein del av tynningsfisket. I tillegg er det teke inn garn til tynningsfiske. Resultatet frå prøvafiske forsterka inntrykket av god rekruttering med stor del småfisk i stamma.



%-vis fordeling av prøvafiskefangst på lengdegruppene 19-22cm og 34-37cm. Trenden er klar med auka mengde småfisk og redusert del større fisk.

Svartavasstjørn



Det same grunnlaget for prøvafiske gjeld her som i Svartavatnet. Omfanget av tynningsfisket har ikkje medført særleg forbetring i kvalitet på fisken.

Tjørn og vatn langt til fjells har det felles problemet at det vert fiska for lite når gyteforholda gir grunnlag for god rekruttering.

Garna til tynningsfiske som vart fordelt til bruk av bruksberettiga i 2009 etter avtale i Langavatnet, Nordvatnet og Herrevatnet, tok til saman opp ca 350 småfisk, mest i Langavatnet.

3.4 Kalking

Kalkinga av Svartavatnvassdraget fortsette i redusert form i 2012. Det vart ikkje kalka med kalkgrus. Overvaking av vasskvaliteten er vidareført og viser stabil situasjon. Sentrale vasskjemiske parameter er vist i tabellane under.



Figur 2 Utviklingen av pH i to lokaliteter. A: Utløp Svartavasstjørni (kalket), B: Referansefeltet Krobu bekk (Langesteintjørni).

pH målinger frå utløp Svartavasstjørni og referansevassdraget, Langesteintjørni.

3.5 Anna fiskekultivering

Det var registrert ørekyte i kontrollruse ovanfor oppgangssperre ved Stigstu og Hætjørn gjennom overvaksingsperioden frå 12.07 til 27.09. Resultatet er rapportert til Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning. Det ble vedteke oppgradering av oppgangssperrene ved Stigstuv og bygd 2 sperrer ved Hætjørn. Ved Hætjørn vert det sperre nedstrøms og oppstrøms tjørnet. Det var og intensjon å gjennomføra rotenonbehandling, men den våte hausten i kombinasjon med seint gitt løyve gjorde at det er utsett til 2013.

4. Fjellstyrehyttene

Fjellstyrehyttene vert leigd ut etter avtale/søknad for påsken og sumarferien. I reinsjakta kan hyttene ikkje reserverast. Bruken kan dokumenterast gjennom hyttboka, men er i ulik grad med i statistikken under. Grunlaget for statistikken er innbetalingar for bruk av hyttene. Det er ikkje teke omsyn til om det er born eller vaksne i omgrepet "persondøgn".

Hytte	Persondøgn									
	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	
Gamla Sandhaug	3	18	Ikkje utleigd	15	52	92	58	124	128	
Tinnhølen	56	34	47	36	154	1762	26	78	69	
Krobu	29	17	18	47	73	39	73	120	34	
Stigstuv	4	10	0	0	0	34	7	42	3	
Viersla	0	2	16		181	172	13	85	84	
Langavasshadle	16	1	20		72	28	9	6	66	
Heisanntjørnhytta										

Persondøgn for 2008 og seinare er utrekna ved å dela overnattingsinntekta for den enkelte hytte med døgnsetsen kr 50,-. For Gamla Sandhaug, Viersla og Tinnhølen inngår eit fast beløp oppsynet betalar for overnatting sidan dei leiger eit eige oppsynsrom i hyttene.

4.1 Hyttestyret

Legg inn litt frå aktiviteten til hyttestyret. Generelt er det ført tilsyn, vaska og frakta inn ved og propan. Frå 01.01.2012 overtok fjellstyret hytta etter Løkensgard ved Heisanntjørn (Heisanntjørnbua). Her vart det vaska ut og rydda, komplettert med naudsynt utstyr, bestikk, ved og propan, stoler og bord

I alle hyttene er det sjekka batterier, brannslukkingsapparat og brann/røykvarsler.

På Stigstuv er toalett montert. Toalettet på Gamla Sandhaug er gjort ferdig. Ung i arbeid har vaska på Gamla Sandhaug og på Tinnhølen. I hyttestyret har følgjande vore medlemmer; Lars Kristian Eidnes, Kari Tveit Hovland, Knut Johan Medhus og Vidar Riber.

5. Beiteleiga

Halne beitelag er i sitt 3. år i kontrakten om beiteleige med fjellstyret.

6. Anna

- Hardangervidda Fjelloppsyn A/S (HF as) har utført oppgåver noko mindre enn vedteke i budsjettet. SfH er omorganisert og har overteke oppgåvene til HF as, dei er no kalla Fjellstyra på Hardangervidda. Ny organisering medfører at SfH vert styre for oppsynet.
- Aslak Myrvang var styremedlem til styret for Fjellstyra på Hardangervidda AS.
- Traktorslepene til Sandhaug og Viersla vart reparert. Fjellstyret fekk tilskot for vedlikehaldet frå Eidfjord utvikling, DNT og Ullensvang fjellstyre har lova å koma tilbake med tilskot. Økonomien i arbeidet er kommentert nærare i samband med økonomisk del.
- Ullensvang sto som arrangør av fjellhelgen for ungdom frå Ullensvang, Ulvik og Eidfjord. Arrangementet vart gjennomført i Isdalen 18.-19. juni. Det var 77 ungdomar som deltok. Tilbakemeldingane til arrangementet var gode.

Eidfjord fjellstyre

Lars Kristian Eidnes

- s -

Aslak Myrvang

- s -

Vidar Riber

- s -

Kari Tveit Hovland

- s -

Knut Johan Medhus

- s -

Samson Hamre

- s -

Dagny Opedal

- s -